

82/07 - ÅRSBUDSJETT 2008, ØKONOMIPLAN 2008 -2011

Frå Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2007

Vedtak:

- 1.1 Kommunestyret vedtek årsbudsjett 2008 og økonomiplan 2008 – 2011 med desse endringane:

Driftsbudsjettet:

Tal i heile 1000 kr	2008	2009	2010	2011
Redusert statstilskot ressurskrevjande brukarar	-4 800	- 4 800	- 4 800	- 4 800
Auka ramme til Komité for oppvekst og utdanning – A)	-5250	-5250	-5250	-5250
Auka tilskot til frivillige lag og organisasjonar – B)	-750	-750	-750	-750
Momskompensasjon	2 500	0	0	0
Til inndeckning seinare år(fond) redusert overskot	0	2 500	2 500	2 500
Auka krav omstilling/effektivisering – C)	8300	8 300	8 300	8 300
Statstilskot gamal ordning	4 000			
Avsett til fond	-4 000			

- 1.2. Kommunestyret vedtek å styrka budsjett til Komité for rehabilitering, helse og omsorg med kr 200.000,-. Beløpet skal nyttast til styrking av rusførebyggande arbeid.

Beløpet skal overførast frå ansvar 2520 barnevern - mindre utgifter kr 200.000,-.

Føresetnader:

A) Beløpet skal nyttast til auka lærarressursar i tråd med styringsdokumentet for oppvekst.

B) Dei frivillige sin innsats har stor verdi i Stord-samfunnet og skal nyttast som sentrale aktørar i samfunnsutviklinga.

- 1 Tilskotet kan ytast til lag og organisasjonar som utfører frivillig innsats.
- 2 Det skal utarbeidast ei frivilligheitsmelding for Stord kommune som inkluderer regelverk for bruken av midlane.

C) Krav til omstilling, effektivisering og organisatoriske tiltak skal gjelda heile den kommunale organisasjonen. Tiltaka skal likevel ikkje føra til redusert ressursbruk til brukarane innanfor rehabilitering, helse og omsorg. Rådmannen skal i nært samarbeid med tillitsvalte koma med forslag til tiltak seinast 31.3.2008. Rådmannen skal informera formannskapet om prosessen i kvart formannskapsmøte fram til forslaget ligg føre.

Endringane skal innarbeidast i økonomiplanen 2008 - 2011

I) **Kommunale versus private barnehagar.** private barnehagane. Berekingane skal blant anna ta for seg kostnad på barnehagedrift, kapitalbinding knytt til eigedommar, samanlikning av bemanning, samt bruk av øyremerka tilskot knytt til barnehagesektoren. Komité for oppvekst og utdanning lagar ei detaljert bestilling på kva denne oversikta skal innehalda.

II) **Kommunalt eigedomsselskap:** Rådmannen skal innan 30.06.2008 koma med forslag til organisering av i utgangspunktet alle kommunale eigedomar i kommunalt føretak (KF) eventuelt at eigedomsmassen vert overført SKE. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med tillitsvalte.

Rett utskrift:

Eit slike selskap(KF eller AS) kan ha som oppgåve alle aktivitetar som naturleg tilhøyrer eigedomsforvalting som:

- Dagleg drift
- Vedlikehald
- Forsikring
- Kjøp/sal/ut- og innleie av eigedomar
- Stå for utbygging/tilrettelegging av kommunale eigedomar
- Utleige av kommunale eigedomar.

Formålet med selskapet er bl.a. å synleggjera kostnader, profesjonalisera og effektivisera drifta av eigedomane i Stord kommune og å frigjera midlar både til investering og drift.

III) Vatn og avløpssekskap

Rådmannen skal i løpet av 2008 utgreia forslag til organisering av kommunen sine aktivitetar innanfor "vatn og avløp" i eige KF eller AS. Selskapet skal ha som føremål utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avløpsanlegg i Stord kommune. Utgreiinga skal skje i nært samarbeid med tillitsvalte.

IV) Pensjonskasse:

Rådmannen skal i løpet 2008 utgreia forslag til eventuell etablering av eigen pensjonskasse(til erstatning for KLP). Nabokommunane bør inviterast til å delta i ei utgreiing av ein interkommunal pensjonskasse. Eventuelle kostnader ved ei slik utgreiing skal leggast fram for formannskapet

**V) Ev auka inntekter (meirinntekter) skal nyttast til å styrka budsjettet til Komité for rehabilitering, helse og omsorg.
Dette vert å komma tilbake til ved budsjettrevisjon juni -08.**

VI) Kommunale einingar:

Stord Kommune utreder om det er einingar som kan slåast saman, dette ville være naturleg måte å tenke om man ynskjer å utnytte administrativt personell enda betre enn ved dagens ordning. Det foreslåas at dei som skal utreda dette også skal være politisk representert.

VII) Symjeundervisning:

Stord Kommune ser på mulighetene for at bassengkapasiteten i kommunen skal kunna utnyttast best moglig, derfor ynskjer me at man ser på muligheita til at bassenget i Kulturhuset kan setjast i stand slik at alle alderstrinn i skulen skal kunna nytta dette bassenget.

2. Kommunestyret vedtek følgjande låneopptak i 2008:
Investering i bygg, anlegg og faste eigedomar kr. 102.530.000 serielån med 30 års avdragstid
Investering i utstyr, transportmidlar og maskinar kr 8.685.000 serielån med 10 års avdragstid
Lån til vidareutlån kr 10 000 000 (startlån), nedbetalingstid og lånevilkår i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.
3. Kommunestyret vedtek å oppretthalde gjeldande trekkrett i Den Norske Bank med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å nytte denne når det er trond for det.
4. Kommunestyret vedtek skatteøyre lik maksimal skatteøyre som det er høve til i samsvar med Stortinget sitt vedtak.
5. Kommunen vedtek avgifter/gebyr med verknad frå 01.01.2008 slik det går fram av vedlagte gebyrhefte:
 - Vassavgift
 - Avlaupsavgift

Rett utskrift:

- Slamtømming
- Avfallsavgift
- Feing og brannsyn
- Reguleringsgebyr
- Delingssøknader
- Oppmåling
- Bygesak og tekniske installasjoner

6. Kommunestyret vedtek at unytta løyingar til investeringsføremål kan overførast nytta år.

7. Det er ein føresetnad at ingen investeringar vert sett i gang før finansieringa er i orden

Handsaming

Tordis Nysæter, AP stilte spørsmål om habilitet og forlét plassen og vara tok tiltredde. Kommunestyret var samråystes i at Tordis Nysæter var inhabil i saka.

Røysting:

Pkt 1.1. **Vedteke med 18 mot 17 røyster**

Pkt 1.2. **Vedteke med 32 mot 3 røyster**

A, B og C **Vedteke med 18 mot 17 røyster**

Romertal

I, III og IV **Vedteke med 24 mot 11 røyster**

II **Vedteke med 18 mot 17 røyster**

V **Vedteke med 25 mot 10 røyster**

VI **Vedteke med 19 mot 16 røyster**

VII **Samråystes vedteke**

Pkt 2 – 7 **Samråystes vedteke**

Budsjettet med endringar vart vedteke med 18 mot 17 røyster

KRF, H, SP, V og D kom med framlegg om punkt 1.2, slik det ligg føre i vedtaket.

KRF, H, SP, V og D kom med framlegg til nytta pkt B i driftsbudsjettet, slik det ligg føre i vedtaket. Å bytta ut punkt B vart vedteke med 30 mot 5 røyster.

FRP kom med framlegg til romal tal VI og VII, slik det ligg føre i vedtaket.

OVERSENDINGSFRAMLEGG

Nils Tore Gram Økland, AP kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samråystes vedteke oversendt til Komité for næring, miljø og kultur.

Kommunestyret ber komité for NMK vurdera korleis ein innanfor vedteke budsjett for 2008 kan koma i gang med vidareføringa av det lokalhistoriske verket for Stord (busetnadssoga) i samsvar med kommunestyrevedtak 25.05.2005. Komiteen må også vurdera korleis fullfinansieringa av verket kan gjerast.

Åshild Bjelland Eriksen, H kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samråystes vedteke oversendt til Komité for rehabilitering, helse og omsorg:

Ein vil be rådmannen saman med dei tillitsvalde ta kontakt med Fitjar og stord v.g.s. og Høgskulen, for ev å sjå på ulike måtar og organisera Rehabiliteringsenteret på.

Rett utskrift:

Rett utskrift: